

**OPPSUMMERING INNKOMNE FRÅSEGNER TIL PLANPROGRAM FOR REGIONAL TRANSPORTPLAN 2018 – 2027**

A-sak 16/257

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
7	Kystverket	<ul style="list-style-type: none"> <li>Omsynet til naudsynt infrastrukturstrategi for skipstrafikk og marin næring, samt overføring av gods frå veg til kjøll er godt ivareteke i planprogrammet. Ingen ytterlegare merknader.</li> </ul>	OK
8	Vestlandsforskning	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planprogrammet framstår som lite tydeleg når det gjeld dei heilt spesielle utfordringane som klimaproblemet fører med seg for den langsiktige utviklinga på transportområdet i eit fylke som har såpass krevjande utfordringar i dag når det gjeld transport innan og inn/ut av fylket.</li> <li>Naturleg at delar av måla med planarbeidet må vere å få fram korleis Sogn og Fjordane kan vere med å skape eit samfunn som fram mot 2100 har null utslepp av klimagassar, og som er tilstrekkeleg robust til å tole konsekvensane av eit endra klima og konkretisere tiltak innan transportsektoren for å nå desse måla.</li> <li>Avgjerande med brei forankring i alle relevante offentlege organ, næringsliv og det sivile samfunn.</li> <li>Viktig å få på plass rutine som omfattar alle relevante regionale styresmakter om at dei skal vise korleis samferdsletiltak og andre tiltak med konsekvensar for samferdsle påverkar lokal klimasårbarheit og regionale utslepp av klimagassar.</li> </ul>	<p>Planprogrammet seier noko om kva skal få fram av kunnskap om temaet. Det er først under arbeidet med analysen av RTP at vi vil kome inn på aktuelle utfordringar og eventuelle løysingar.</p> <p>Skal søkje Klimasats om midlar til utgreiingsarbeid i samband med RTP</p> <p>Forankring ligg i overordna nasjonale føringar for klimapolitikken samt regional plan for klima og miljø</p>

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
9	Vågsøy kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ber om at det vert teke opp og utgreidd alternativ finansiering med auka vekt på brukarbetaling. Ber om at det vert sett på finansieringsmodell for ein bypakke i Måløy som kan gje grunnlag for delfinansiering av prosjekt som fv. 621 Måløy – Vågsvåg, oppgradering av gatenettet i Måløy og på Raudeberg, betring av tilhøva for syklende og gåande.</li> </ul>	Må eventuelt vurderast under alternativ finansiering. Brukarbetaling gjennom bompengar er å sjå på statleg finansiering og må godkjennast av Stortinget. Er dekkja av som står om alt. Finansiering.
10	Sogn regionråd	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sluttar seg til føremål, planstruktur, plantema og skisserte utgreiingsbehov</li> <li>Positivt at regionråda vert teke med som ein av hovudaktørane i planarbeidet. Ønskjer å vere ein aktiv medspelar i arbeidet.</li> </ul>	OK
11	NVE	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ingen merknader/innspele</li> </ul>	OK
12	Jernbaneverket	<ul style="list-style-type: none"> <li>Flåmsbana einaste jernbanestrekninga i fylket. Viktig for både persontransport og reiseliv.</li> <li>Flåmsbana er rasutsett. Planen/analysedokumentet bør synleggjere behovet for rassikring langs Flåmsbana. Veg og jernbane ligg på ustabile massar i delar av Flåmsdalen. Vil medføre store kostnader og lengre driftsavbrot dersom t.d. Geithusberget skulle rase ut.</li> <li>Avhengig av tilgang til areal nær sporet i samband med vedlikehald for lagring og omlasting av jernbanemateriell.</li> </ul>	I utgangspunktet Jernbaneverket sitt ansvar. FK kan peike på behovet.
13	Sogndal kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ikkje merknader til innhald, prosess og framdrift</li> <li>Ønskjer at det vert opna for innspel på konkrete investeringstiltak/prosjekt samstundes med fylkeskommunen utarbeider planframlegget i perioden juni 2016 – juni 2017</li> </ul>	Mogleg at vi har vore litt upresise her. I samband med høyringa av planprogrammet var det ikkje ønskjeleg med innspel på konkrete tiltak. Det vil vi be om når arbeidet planen startar opp.

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
14	Trygg Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygg Trafikk bør vere med som ein aktuell interesseorganisasjon ettersom fylkeskommunen har som mål å redusere trafikkulukke i fylket og at planen skal innehalde viktige trafikktryggings-tiltak. Kan delta i referansegruppe/temagrupper.</li> </ul>	Vil bli lagt opp til å invitere inn Trygg Trafikk i det vidare arbeidet med RTP
15	Høyanger kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sluttar seg til føremål, planstruktur, plantema og skisserte utgreiingsbehov.</li> <li>• Ser det som positivt at regionråda vert teke med som ein hovudaktør i planarbeidet og kommunane vert med i referansegruppe.</li> <li>• Forventar at kommunane får høve til vere ein aktiv medspelar i prosessen.</li> <li>• Viktige tema for utvikling av samferdsle i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Fylkesveg 55 Tronvik – Ulvåna. Viktig for å knyte Høyanger kommune saman med eit større bu- og arbeidsområde. Må settast av midlar til planlegging tidleg i perioden 2018 – 2022. Ny vegtrase er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel. Reguleringsplan for vegtraseen er prioritert i framlegg for planstrategi for Høyanger kommune.</li> <li>○ Fylkesveg 55, Kråkevika i Vadheim. Trafikkfarleg punkt med mange ulukker.</li> <li>○ Fylkesveg 92 Ortnevik – Bjordal, samt fv. 8. Behov for nytt dekke og etablering av møteplassar. Rasfare på delar av strekninga, særleg ved Mannsberget rett aust for Ikjefjordbrua.</li> <li>○ Satsing på gang- og sykkelveg, samt trafikktryggleik langs fylkesvegane spesielt gjennom kommunesenteret Høyanger og mellom Høyanger og Kyrkjebø bør prioriterast.</li> </ul> </li> </ul>	<p>Legg opp til aktiv medverknad i prosessen. Må detaljerast</p> <p>Aktuelt å vurdere i samband med handlingsprogram</p>

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
16	Statens vegvesen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje vesentlege merknader til struktur eller innhald i planprogrammet. Har fått med dei fleste fagområda, men behov for enkelte presiseringar.</li> <li>• Det skal utarbeidast eit handlingsprogram som grunnlag for prioriteringar i budsjett og økonomiplan. Kan vere nyttig at det på eit tidleg stadium vert sagt noko om kva type tiltak som skal satsast på i perioden. Prioriteringskriterier bør vere eige utgreiingstema.</li> <li>• Kap 3.4.1 Plankrav for investeringstiltak. Samd i plankravet, men peiker på store utfordringar på plansida med krevjande planprosessar. Må ta omsyn til tidsaspektet ved bestilling av planar. Planutarbeiding må prioriterast.</li> <li>• Kap 3.5.1 Generelle utviklingstrekk, Bør grei ut kva forventa vekst i andre delar av landet vil ha å si for fylket, spesielt når det gjeld gjennomgang av tungtransport og konsekvensar for miljø og tryggleik.</li> <li>• Kap 3.5.3 Risiko og sårbarheit. Bør vurdere auka tungtransport med farleg gods i kombinasjon med lange tunnelar og fjellovergangar</li> <li>• 3.6.1 Transport og bu- og arbeids- og serviceområde. Bør greie ut korleis det kan skapast attraktive regionsenter basert på gåing og sykling. Bør også greie ut kva bu- og arbeidsområde det er mogleg å satse på sykkel dersom tilhøva vert lagt til rette for det.</li> <li>• Kap 3.6.3 Næringslivet sitt behov. Bør greie ut kva som er største hindra for næringslivet på transportsida som t.d. flaskehalsar, ras vegstengingar osv. Behovet for større arbeidsmarknadsregionar bør koma fram og eventuelle hinder for overføring av gods til båt.</li> </ul>	<p>Må avklarast i eit arbeidsdokument til FU i løpet av planprosessen.</p> <p>OK. Er også rette inn mot kommunal planlegging med til kommunane.</p> <p>Blir dekket av pkt. 3.5.2. Transportrelaterte utviklingstrekk og vil bli vurdert her.</p> <p>Inn som nytt punkt i 3.5.3</p> <p>Blir vurdert i kap. 4.1.3 Gang og sykkelveggar.</p> <p>Nytt utgreiingspunkt i 3.6.3</p>

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap 3.6.4 Transport og klima. Underpunkt med korleis får til overføring av gods frå land til sjø, korleis auke bruken av gange og sykkel på korte turar, tiltak for å stimulere til mindre individuell bilkøyring m.m. Er det byar/tettstader i fylket der nullvekstmålet bør gjelde? Tilpassing til klimaendringar bør kome inn her.</li> <li>• Kap 3.6.5 Trafikkutfordringar for barn og unge. Uklar som er meint med dette punktet og som ikkje inngår i kap. 4.1.4. Ei transportutfordring kan vere å stimulere desse aldersgruppene til å gå og sykle i langt større grad.</li> <li>• Kap 3.6.6 Areal- og transportplanlegging. Rikspolitiske retningslinjer av avløyst av statlege planretningslinjer frå 2014. Bør referere til desse. Transportplanen må sjåast i samanheng med arealdelen i fylkesplanen.</li> <li>• Kap. 3.6.7 Utgreiingsbehov og spesialundersøkingar. Bør avgrensast til prosjekt som er sannsynleg vert gjennomført i planperioden</li> <li>• Kap. 4.1 Bør vurdere om det bør gjerast ei utgreiing av behovet for utbygging av veglys og evt kriterier for utbygging, drift og vedlikehald av desse.</li> <li>• Kap 4.1.2 Drift og vedlikehald. Merkar seg at det er utarbeidd ny standard for drift av fylkesvegar og at den vil verte innarbeidd i transportplanen. Også ynskjeleg å få gjort ei systematisk kartlegging av standard på bruer og kaier.</li> <li>• Kap 4.1.3 Gang og sykkelveg. Bør klargjerast korleis sykkelbystatus skal slå ut når det gjeld prioritering og om det bør verte fleire sykkelbyar i fylket. Bør vurdere om ikkje gåande og syklande bør skillast på definerte strekningar. Bør vurdere om vedtekne planar for</li> </ul>	<p>Er dekket inn i pkt. 4.6.1 Hamner, 4.1.3 Gang og sykkelveg.</p> <p>Inn som nytt utgreiingspunkt i 3.6.4 Nytt pkt. i 4.1.2 Drift og vedlikehald</p> <p>Slå saman 3.6.5 og 4.1.4 slik at 3.6.5 går inn i pkt. 4.1.4</p> <p>OK, vil bli rettet opp. Fylkesdelplan for arealbruk vil bli oppdatert med oppstart 2018.</p> <p>OK</p> <p>Nytt underkapittel under 4.1</p> <p>Kartlegging vil bli innarbeidd i kap. 4.1.7 Bruer og ferjekaier. Kaier er kartlagde som ein del av beredskapsarbeidet og vil inngå i beredskapsplan.</p> <p>Vil bli teke omsyn til det vidare planarbeidet.</p>

		<p>samanhengande hovudnett for sykkeltrafikk i tettstad bør vere eit prioriteringskriterium.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kap 4.1.7 Bruer og ferjekaier. Bør utarbeide prioritert liste over oppgradering/investeringar som grunnlag for det vidare arbeidet med handlingsplanen.</li> <li>• Kap. 4.1.9 Vegdekke. Kvaliteten på dekke på gang- og sykkelveg må takast med.</li> <li>• Kap 4.2 Riksvegar bør innehalde fylkeskommunen sine prioriteringar/strategiar for oppgradering av eksisterande riksvegnett, nye vegprosjekt, haldning til ferjefrie fjorskryssingar osv.</li> <li>• Kap 4.4.1 Ruteproduksjon. Frekvensar på kollektivtilbod i ulike område, minimumstilbod og takst/rabattar bør drøftast her.</li> <li>• Kap 4.4.4 Infrastruktur. Knutpunktstruktur og standard på knutepunkt bør definerast. Drøfte om det er behov for å definere ein del stoppeplassar som «ekspresbusstopp» og mogleg «bestilling» på einskilte stopp som medfører ekstra sløyfe for bussen.</li> <li>• Kap 4.4.5 Universell utforming. Krav til universell utforming må leggjast til grunn ved oppgradering/investering i knutepunkt/terminalar/haldeplassar både for buss og båt. Må også sjå på tilkomsten til stoppeplassane</li> <li>• Kap 4.6.1 Hamner. Tilkkomsten til dei største hamnene må vurderast.</li> <li>• Kap 5.1.1 Organisering av arbeidet med rtp. Reknar med at etaten vil verte teken med i arbeidsgrupper/temagrupper der det er naturleg.</li> </ul>	<p>Vil bli gjort som ein del av planarbeidet.</p> <p>Endre kapitelet til å gjelde både veg og gang- og sykkelveg.</p> <p>Ta inn FT sitt vedtak i samband med handsaminga av NTP 2018 – 2029.</p> <p>Rutetilbod og takst vert drøfta årleg i eigne saker.</p> <p>Pr. i dag nyttar ekspresbuss og lokalbuss same stopp og køyremønster. Ved behov for standardheving av knutepunkt som krev meir midlar vert det handtert som eigne saker når aktuelt.</p> <p>Det følger av lovverket at universell utforming skal ivaretakast.</p> <p>Vil bli gjort i planarbeidet</p> <p>Vil bli gjort</p>
--	--	---	--

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
17	Bremanger kommune	<p>Sluttar seg i hovudsak til planleggingsprogrammet når det gjeld føremål, organisering av arbeidet, planprosess, framdrift og opplegg for medverknad. Har følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utgreiing av tilførsleveggar til viktige hamner bør prioriterast</li> <li>• Utgreiing av tilførsleveggar til «45-minuttregionen» bør prioriterast.</li> <li>• Gjeldande prioriteringsplanar i handlingsprogrammet må oppretthaldast.</li> <li>• Når det gjeld fv. 616 Svelgen – Indrehus bør det vurderast å forsere planlegging av oppstiginga frå Svelgen.</li> </ul>	Vil bli vurdert i samband med planarbeidet
18	Flora kommune	<p>Ros til fylkeskommunen for eit godt gjennomarbeidd planprogram. Særleg positivt er den tydelege koplinga mellom planstrategi og RTP. Har følgjande merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Overordna mål og ynskte effektar av planstrategien skal leggjast til grunn for arbeidet med RTP. Viktig at dette vert fylgd opp i praksis. Inneber at gamle lister og prosjekt i gjeldande RTP må vurderast på nytt opp imot satsingane i planstrategien.</li> <li>• Peiker særleg på mål 3, utvikling av sentra i planstrategien som viktig for utvikling av fylket. Dette er ei satsing som må følgjast opp i praksis når konkrete handlingsprogram skal utformast.</li> <li>• Kystvegen må bli prioritert som prosjekt som må utgreiast vidare.</li> <li>• Forventar at sykkelbyar får ei særskilt satsing og prioritering når konkrete sykkeltiltak skal prioriterast i handlingsprogrammet.</li> <li>• Under 4.6.1 ser kommunen det som ønskjeleg at arbeidet med å kartlegge potensialet for overføring av gods frå veg til sjø vert gjort i samarbeid med</li> </ul>	Vil bli vurdert/ivareteke gjennom sjølve planarbeidet.

		<p>utviklingsprosjektet som kommunen v/Flora Hamn KF har starta opp.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tillegg til pkt. 4.4.1 andre avsnitt: Lokalsamfunn utan fastlandssamband har ikkje reelle alternativ til rutegåande båtruter og slike bilførande rutesystem er difor av særskilt stor betydning for desse bygdene.</li> </ul>	<p>Stadar utan bilveg til fastlandet har særskilde behov for båtruter. Dette blir teke inn i 2.avsnitt.</p>
19	<b>Stryn kommune</b>	<p>Det er gjort eit grundig arbeid i å definere samfunnsmessige utfordringar og kva utgreiingsbehov som ligg til ulike tema.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kap 3.6.1 Transport og bu-, og arbeids- og serviceregionar. Utgreiinga må nyanserast i høve til som er omtalt som BAS-regionar eller potensiale til å bli BAS-regionar ut i frå tal arbeidsplassar. RTP må greie ut regionar med omland både innanfor og utanfor fylkesgrensene når ein skal vurdere framtidige utviklingstrekk.</li> <li>Kap 3.6.3 Næringslivet sine behov. Viktig å styrke kompetansen om kva effekt ulike transporttiltak har for verdiskapinga. Positivt at RTP legg opp til ei meir målretta satsing på transporttiltak som betrar transportilhøva.</li> <li>Kap 3.6.8 Finansiering. Positivt at det blir vurdert alternative finansieringsformer for utvikling av fylkesvegnettet</li> <li>Kap 4.1.3 Gang- og sykkelveggar. I tillegg til å utvikle ei planmessig utbygging av eit samanhengande sykkelnett i by- og tettstader er det viktig å vurder område utanfor tettstadane der det kan ligge til rette for å kople saman gang- og sykkelvegnett på tvers av kommunegrenser.</li> <li>Kap 4.3 Skredsikring. Positivt at det skal vurderast supplerande kriterier til kartlegging gjennomført av Statens vegvesen i 2015.</li> </ul>	<p>Relevant. Vil bli greidd ut i planarbeidet.</p> <p>OK</p> <p>OK</p> <p>OK</p> <p>OK</p>



Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
20	HAFS regionråd	<p>1.2.4 organisering av planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunane bør involverast sterkare i sjølve utarbeidinga av handlingsprogrammet. Bør skje gjennom regionvise høyringsmøte.</li> <li>• Regionrådet er uroa for HS har fått en for perifer posisjon i planarbeidet. Ber om at samferdsleutvalet og fylkesutvalet byter rolle slik at HS vert planutval og FU politisk referansegruppe.</li> <li>• Sjølv den geografiske dimensjonen er for lite påakta i skildringa av planprosessen. Geografisk bakgrunnskunnskap må ligge i botn. Ber om at det i større grad vert organisert synfaringar og arbeidsmøte ute i kommunane gjennom heile planprosessen.</li> </ul> <p>Beredskap, risiko og sårbarheit. Ras, ekstremvêr og flaum er viktige element som må handterast i RTP. HAFS peiker på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Behov for meir samhandling innan førebyggjande samfunnstryggleik, beredskapsplanlegging og øvingsverksemd</li> <li>• RTP må framheve mobilnettet som eit viktig innsatsområde for auka beredskap og tryggleik, må ha betre backup-løysingar og betre distriktsdekning</li> <li>• Staten må finansiere naudnett i alle tunnelar med lengde over 500 meter.</li> </ul> <p>Farleier. I grunnlagsdokumentet til NTP vert det lagt opp til omfattande overføring av gods frå veg til sjø som vil krevje investeringar i infrastruktur på land og i sjø. HAFS støttar at det vert gjennomført ei samla utgreiing av kva investeringar som må til i Sogn og Fjordane.</p>	<p>Det er planlagd høyringsmøte våren 2017.</p> <p>Vil bli vurdert etter behov</p> <p>Blir dekkja av fylkes-ROS</p> <p>Blir teke med i planarbeidet</p> <p>Farleier ikkje eige kapittel i planprogrammet. Blir handtert av Kystverket og er godt omtalt i grunnlagsdokumentet til NTP</p>

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
		<p>Rassikring</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ras og fare for ras ei betydeleg ulempe for einskildmenneske og næringsliv</li> <li>• Ei utfordring for beredskap i høve til sjuketransport og anna utrykkingstrafikk.</li> <li>• Naturleg at rassikring av fylkesvegar vert vidareført som ei nasjonal ordning</li> <li>• Støttar at det vert utarbeidd eit analysedokument som viser det samla behovet for rassikring av riks- og fylkesvegar i fylket og at det vert synleggjort kva som trengst av nasjonale investeringar pr år for å nå måla til Nasjonal rassikringsgruppe.</li> </ul> <p>Ferjeavløysing</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ber om at arbeidet med nærare avklaring av detaljkostnadane i Atløysambandet og Ytre Steinsund vert framskunda, slik at desse sambanda kan prioriterast inn i handlingsprogrammet gjennom fylkestingsvedtaket i desember 2017.</li> </ul> <p>Godstransport og næring, ber om at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert gjort vurderingar av kva investeringar som må til for å flytte godstransport frå land til sjø</li> <li>• Flaksehalskartlegginga som er gjort i gjeldande RTP vert kopla mot verdiskaping og næringsstruktur slik at ein får fram ei oversikt over kva flaskehalsar som er mest hemmande for verdiskaping og ny vekst.</li> <li>• Mindre investeringstiltak vert prioritert ut frå omsynet til å legge til rette for ny verdiskaping og å stimulere til overføringa av gods frå land til sjø.</li> </ul>	<p>Arbeidet pågår. Vil bli ein del av planarbeidet.</p> <p>Dette er ein del av planarbeidet i 2016/17</p>

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
		<p>Kollektivtransport, HAFS ber:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At det alltid skal gjerast ei heilskapleg vurdering saman med kommunane av det samla kollektivtilbodet på staden når kollektivruter utan alternative transportløysingar vert vurderte nedlagde.</li> <li>• At det vert utgreidd ulike former for bestillingsruter på buss, båt og drosje som kan nyttast der det ikkje er grunnlag for ordinær rutedrift.</li> </ul>	<p>Stadar utan alternative transportløysingar, t.d. veglause grender bør alltid vurderast spesielt. Dialog med kommunane er viktig i alle samanhengar.</p> <p>Serviceskyss og bestillingsruter er aktuelle alternativ til ordinære ruter på stadar der det ikkje er grunnlag for ordinære ruter.</p> <p>Kostnad må vegast opp mot nytte og passasjergrunnlag.</p>
21	Midtvegen 615 AS	<p>RTP-planprogram må ta omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Endringar i vegnormalar sidan førre RTP</li> <li>• Endringar i funksjonsklassar for nokre vegsamband</li> <li>• Utgreiingar som er gjort av andre enn sams vegadministrasjon</li> <li>• Forventa endring i ÅDT etter opprusting av eit vegsamband</li> </ul>	
23	NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn	<p><u>Drift og vedlikehald</u>, NAF vil at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drift og vedlikehald av infrastruktur vert løfta og at forfallet på veg, ferjemateriell og banenett vert eliminert.</li> <li>• Vegnormalen vert gjort bindande og skal fungere som minstekrav for vegnettet</li> </ul> <p>NAF ser dei utfordringar fylkeskommunen har i høve krav om innsparingar og med dette også endra driftsstandard på fylkesvegane. Dette må ikkje gå på akkord med trafikktryggleik og trafikantens behov for mobilitet.</p>	<p>Vi har merka oss innspelet frå NAF. Dette vil ikkje medføre endringar i planprogrammet.</p>

Gang- og sykkelveg, NAF vil at:

- Trafikkopplæringa vert styrka for alle aldersgrupper
- I område med blanda trafikantgrupper skal det takast særleg omsyn til mjuke trafikantar ved utforming av vegmiljøet
- Gang- og sykkelvegnettet vert utbetra og forlenga og drift- og vedlikehaldskrav skal vere oppfylt.

Trafikktryggleik, NAF vil at:

- trafikantgrupper vert auka kraftig Arbeidet med etablering av midtrekkverk, rydding av sideterreng, breie vegskuldre og å skilje ulike.
- Tiltak vert iverksett for å få ned gjennomsnittsalderen på bilparken i Noreg, m.a. Ved å auke vrakpanten til 6000 kroner innan 2020.
- Det vert sett i verk tiltak for å redusere tal MC og mopedulukker
- Arbeidet med ras- og tunnelsikring vert auka kraftig, og naudnettet må fungere
- Kontrollar av tungtransport vert auka

Tunnelar, NAF vil at:

- Arbeidet med ras- og tunnelsikring vert auka kraftig, og naudnettet må fungere

Det er viktig at tunnelsikringa følgjer tunnelforskrifta og EU-krava, og at naudnett kjem på plass og fungerer snarast råd. Av omsyn til trafikktryggleik og god sikt er det ynskjeleg at lange tunnelar vert malte kvite og har god belysning. Reinhold av tunnelar er også eit viktig trafikktryggingstiltak.

#### Vegdekke

- vegnormalen skal fungere som minstekrav for vegnettet og at vegeigar skal ha objektivt ansvar for skader som skuldast mangelfullt vedlikehald.

#### Høgfjell

- Er uroa for endra standard på brøyting og strøing.

#### Ferjefri E39

- Må ikkje gå på kostnad av arbeidet med å få gul midtstripe på E39 gjennom heile fylket eller forseinke andre utbetringar på dette vegnettet

#### Kollektivtransport

- NAF innser at Sogn og Fjordane er eit grisgrendt fylke og at det vanskeleg å få eit kollektivtilbod med tilstrekkeleg god regularitet.
- Viktig at det vert etablert gode kollektivtilbod der befolkningsgrunnlaget er stort nok, og at ungdom og eldre er prioriterte grupper i høve gode rabattordningar.
- NAF legg også vekt på universell utforming.
- Må ta miljøomsyn i høve anbodskonkurransar for å sikre mest mogleg miljøvennleg transport

#### Miljø

- Standardiserte ladestasjonar og fyllestasjonar for alternativt drivstoff må gjerast tilgjengeleg på lik linje med fyllestasjonar med fossilt drivstoff.
- Det må leggst til rette for at klimautsleppa frå transport går ned på ein måte som ivaretek vårt behov for mobilitet
- Bruken av vegsalt må reduserast. Det må utviklast og teken i bruk betre og alternative metodar

- Det må gjevast incentiv for å elektrifisere ferjer, næringskøyretøy og jernbaneliner. Skip må forsynast med landstraum. Må få meir gods over på sjø og bane

Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
24	Eid kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I omtalen av bu- og arbeidsmarknadsregionar må Nordfjord leggest til. Viser til Eid kommune sine innspel til Regional planstrategi og ber om at same endringar vert gjort både i planprogram og planstrategi</li> <li>• Bør ha eit tydelegare formulert mål om nullutslepp i transportsektoren i Sogn og Fjordane og skissere eit planarbeid som rettar seg etter dette.</li> <li>• Ferjeavløysing berre omtalt som tema under punktet fylkesvegnettet. Saknar fokus på bru-teknologi og prosjektgjennomføringsmodellar – korleis kan vi realisere ferjeavløysingsprosjekt raskare og rimelegare enn i dag? Ferjeavløysing bør også inn som tema under riksvegar som eige tema.</li> <li>• Bør ha eit tema om korleis vi kan tenkje nytt og framtidsretta om framtidas kollektivtilbod i Sogn og Fjordane. Korleis kan vi ekspressbussar, lokalbussar, skuleruter, drosje, samkøying, ny teknologi sin Uber/delingsøkonomi i samanheng. Også eit viktig tema korleis vi kan tilpasse kollektivruter betre til flyruter.</li> <li>• Bør legge inn som utgreiingstema korleis drosjetilbodet kan møte/tilpasse seg utfordringa frå Uber og liknande tilbod innafor den nye delingsøkonomien.</li> </ul>	<p>Planprogrammet har teke utgangspunkt i høyringsframlegget til planstrategien. Dersom det blir gjort endringar her i slutthandsaminga, vil det også bli retta opp i planprogrammet.</p> <p>Kapittelet om ferjeavløysing vert eige underkapittel til 3.6</p> <p>Mange aktuelle tema som kan vere aktuelle å belyse. Viktig å følgje med på utviklinga.</p> <p>Uber og liknande ordningar vil på same måte som privatbilismen fungere som alternativ til kollektivtransport.</p>
25	Gloppen kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ferjeavløysing er berre omtalt som emne under punktet om fylkesvegnettet. Ønskjer sterkare vektlegging på dette emnet i planen, særleg korleis realisere ferjeavløysingsprosjekt raskare og rimelegare. Ferjeavløysing bør også inn som tema under riksvegar. Anda – Lote det mest aktuelle ferjeavløysingsprosjektet. Blir Hemsedal hovudtrease mellom aust og vest vil også Mannheller – Fodnes kome inn som eit viktig</li> </ul>	<p>Kapittelet om ferjeavløysing vert eige underkapittel til 3.6</p>

		<p>ferjeavløysingsprosjekt. Verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkast.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkeskommunen bør vere oppteken av korleis tilførslevegane blir til E39. Bør utarbeidast ein eigen strategi for bygging av gode tilførslevegane til stamvegen og kryssløysingar.</li> <li>• Det må etablerast ein regional strategi for bygging av gang- og sykkelvegane med vekt på tilkomst til skular og dei større sentra i fylket.</li> <li>• Sunnfjord og Sogn er omtalt som bu- og arbeidsservice-regionar. Nordfjord er ein sterk bu og arbeidsregion som er like viktig som Sunnfjord og Sogn. Ber om at dette vert nedfelt i planstrategien til RTP.</li> <li>• Støttar det overordna målet om å oppretthalde og utvikle dei fire flyplassane, ein viktig politisk strategi. Flybusstilbodet er ulikt ved dei ulike flyplassane. Flybuss i Førde og Sogndal i dag. Behov for flybuss til Sandane lufthamn, gjeld særleg nordsida av Nordfjorden; Eid – Vågsøy – Selje. Alternativet kan vere tilskot til private minibussruter til/frå flyplassen.</li> <li>• Må etablerast ei meir fleksibel ordning for skuleskyss med vekt på skulen og barna sin behov og samordning med anna allmenne transportbehov. Bør ha eit emne i planen om korleis vi kan tenkje nytt og framtidretta om eit heilskapleg kollektivtilbod.</li> <li>• Det må større grad inn i planstrategien korleis ein når målet om nullutslepp i transportsektoren.</li> <li>• Ser med uro på det nye planleggingsprinsippet som vegvesenet legg til grunn for E39 der delstrekningar er prioriterte ut frå samfunnsnytte.</li> </ul>	<p>Må vurderast i samband med reg.plan/kommundelplanarbeid.</p> <p>Blir ivareteke i kap. 4.1.3 gang- og sykkelveg</p> <p>Endring i planstrategien vil medføre endring i planprogrammet</p> <p>Innspel som går på å etablere ruter høyrer heime i ruteplanprosessen der dei kan prioriterast opp mot andre gode formål.</p> <p>Skuleskyssen står for meste-parten av ressursinnsatsen i kollektivsystemet. Meir fleksible ordningar er bra for brukarane men vil innebere auka kostnader og dårlegare utnytta materiell, dvs. større/fleire bussar/båtar. Det skal tydeleggjerast i planarbeidet</p>
--	--	---	---



Dok.nr.	Merknad frå:	Merknad:	Vår kommentar:
26	Selje kommune	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Må ha auka fokus på å ta bort vegetasjon langs fylkesvegnettet slik at vi unngår stengde vegar ved ekstremvêr. (Risiko og sårbarheit)</li> <li>• Kollektivsatsing må framleis vere eit satsingsområde i fylket. Særleg i distrikta bør ein satse på smarte løysingar på kollektivordning slik at barn og unge får delta på fritidsaktivitetar og at vaksne kan bruke kollektiv til pendling.</li> <li>• Fylket må vere i førarsetet for å få gods frå veg til kjøp. Må vere gode incitament for å bygge ut hamner som kan vere knutepunkt for godstransport.</li> <li>• Fiber og andre teknologiske løysingar må satsast på i fylket. Mange små distrikt har stort potensiale som kan utviklast dersom ein får tilgang til fiber eller andre løysingar.</li> <li>• Rassikring må ha høg fokus i komande RTP. Kriterier må gjere at sårbare kommunar vert sikra der mange/alle vegar har risiko for ras.</li> </ul>	<p>Drift- og vedlikehaldsoppgåve</p> <p>På stadar med marginalt passasjergrunnlag er det aktuelt med alternative kollektivløysingar som t.d. serviceskyss og tilskotsordningar som Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)</p>
	Luster kommune	<p>I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan 2018 – 29 har Samferdsledepartementet invitert m.a. kommunane om å kome innspel til ein barnas transportplan. I brev til Samferdsledepartementet viser Luster kommune til nabokommunen Sogndal som er regionsenter med vidaregåande skule, kino og kulturhus. Mange ungdomar frå Luster reiser til Sogndal både for å gå på skule og delta på fritidsaktivitetar. Luster kommune har i fleire år etterspurt ei bussrute frå Sogndal til Luster på kvelden mellom 19.30 og 22.30. Dette er også ønskje frå ungdommen i Luster.</p>	<p>Dette er i utgangspunktet eit innspel til Samferdsledepartementet i samband med innspel til ein Barnas transportplan. Innspelet er likevel teke med her, då det dreier seg om innspel på lokale bussruter mellom Sogndal og Luster. Må vurderast i samband med RTP.</p>